

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Trettande søndag etter kvitsunn, 11. september 2011

Mark 7,31-37

1. Sam 3,1-10

2. Kor 3,4-6

## Guds under på nine eleven

Me er komne til trettande søndag etter kvitsunn; litt meir enn halvvegs mellom kvitsunnhøgtida og nytt kyrkjeår. Litt ut i september, litt inn i eit nytt arbeidsssemester. Denne søndagen har ofte vorte kalla tale-sundagen, eller endåtil Effata-sundagen! Det er naturlege og dekkande ord, ut frå tekstane for dagen. Det handlar både om Guds tale til oss, og om å vera i stand til å høyra denne talen, både i bokstaveleg og overført meining! Dagen og endå meir datoen er ein av dei som har brunne seg fast hjå oss. Nine eleven. Ellefte september 2001. Tvillingtårna. Katastrofen. Akkurat ti år sidan i dag! Og sjølv om vi i vår samanheng også har fått vårt 22. juli, er det ikkje fort gjort å gløyma nine eleven!

Det er også val denne helga og morgondagen. Alminneleg kommune-styre og fylkestingsval, og kyrkjeval. Her skal mykje skje denne helga som vert avgjerande for dagar og år framover, som Herren endå måtte gje oss!

### Makt til å utfri

Vår tekst er ramma inn av to andre forteljingar der det skjer eit mirakel. Rett før er det ei syro-fønisk kvinne som tryglar og ber for dotter si. Mora gjev ikkje opp, og ho vert høyrd, og dottera utfria. Etterpå er Jesus i møte med fleire tusen, som ikkje har mat med seg. Han sørger for det dei treng, alle saman, om lag fire tusen, les me.

Teksten vår set fokus på eit handikap som me ikkje på same måten som før, reknar som sjukdom. På Jesu samtid var det meir slik at folk som enten var blinde, døde eller stumme, vart sett ned på og ofte hamna utanfor fellesskapet. I dag er det heldigvis gode hjelpemidlar for folk som har lite eller ingenting att av høyre-evna. Sannsynlegvis var sjølve taleevna intakt hjå denne mannen. Men det er slik i dag og, at hvis ein ikkje høyrrer, så høyrrer ein heller ikkje si eiga røyst, og då er det vanskeleg å læra seg å tala. "Han hadde vondt for å tala", heiter det om mannen i teksten.

## **Lat deg opp!**

Fleire gonger i Det nye testamente les me om at Jesus nyttar spytt når han skulle lækja ein sjukdom. Det virkar framandt for oss, men må forståast som symbolhandlingar som er samanknytte med Jesu egne ord; og som difor også inneheld himmelkraft til å utføra det som orda seier. Også hjå Mark 5,41 møter me eit arameisk ord; nettopp slik det vart talt av Jesus på hans eige språk. Her får me eitt til: Effata! Lat deg opp, eller Lukk deg opp! Og mannen får både øyrene opna og taleevna på plass! Rundt om i landet finst det bedehus som har dette sterke og forkynnande Effata-namnet, og her i Stavanger var det faktisk namnet på byen sitt døvekapell i perioden 1908-1937.

Når Jesus tek seg av denne mannen, og gjev han hjelp så han både kan høyra, og dermed også tala reint, skal me lesa det med stor glede og tenkja kor glad han må ha vorte! Og så skal me tenkja på at Jesus er den same i dag. Han kan, om han finn det tenleg, gripa inn i alle sider ved livet, og gje hjelp og lækjedom.

Det er ikkje så sjeldan at Jesus gjer eit under. Folk vert friske frå både smerte og plager og stundom også dødeleg sjukdom, eller får overnaturleg hjelp på andre måtar. Lat oss ta Jesus på ordet når han seier at me kan koma til han med alle ting! Me kan ikkje koma med krav, men med tome hender. Av og til lyt ein be om tolmod og styrke til å bera det som er smertefullt og tungt. På akkurat denne dagen er det mange – særleg amerikanarar - som kjenner sterkt på både sorg og smerte, sikkert også oppblanda med hat og hemntankar. Og kjenslene etter vårt eige 22. juli er framleis svært sterke! Smerte handlar ikkje berre om det som i direkte forstand set seg i kroppen grunna sjukdom!

Det er så fint å lesa om desse som på sett og vis er det handlande subjektet i teksten, nemleg "dei". Altså nokre vener eller slektningar som tek han med seg til Jesus. Dei må ha høyrte om Jesus; kanskje møtt han sjølv, kanskje erfart noko av det Jesus kunne gjera, eller i det minste ha høyrte om andre som hadde fått hjelp. At Jesus kunne hjelpa, virkar det som om dei var overtydde om, sidan dei ber Jesus konkret om å leggja hendene på mannen (vers 32).

Er me slike som er med og fører andre til Jesus, enten det er heilt bokstaveleg, og/eller på bønevegen? Mange er avhengige av deg og meg, for at dei skal få møta Jesus!

## **For heidningar og jødar**

Forteljinga rett før vår tekst går føre seg i områda rundt Tyrus og Sidan. Dette er kystbyar i det som er Libanon i dag; eit stykke nord for grensa mellom Israel og Libanon. Området var gamalt fönikisk land; eller heidninge-land om ein vil. Etter at kvinna der har fått hjelp, går Jesus sørover att og inn i Dekapolis-området; inn i eit jødisk område. Dekapolis var eit samband av ti byar, oppretta av romarane, primært for å vera eit vern mot moglege åtak frå aust. Midt inne i Dekapolis-området finn ein

Galilea-sjøen. Her møter Jesus mannen utan tale- og høyre-evna. Det er flott å sjå at Jesus gjev hjelp til både heidning og jøde! Slik er han også i dag!

Personleg er eg så glad for ein detalj i teksten, nemleg denne: Medan Jesus tek seg av denne mannen, fortel evangelisten Markus at Jesus sukka (vers 34)! Tenk det! Ja, då les eg om ein frelsar og redningsmann som er så nær oss, så menneskeleg, så heilt lik oss. Men samstundes har han makt og kraft og vilje til å utfri og berga. Også andre gonger høyrer me om at Jesus sukkar. Ved eit par tilfelle står det endåtil at Jesus gret! Jau, han veit sanneleg korleis det er å ha det smertefullt og tungt, på alle måtar!

### **Usunn reklame**

Jesus bad folket som var der, om å lata vera å fortelja dette vidare. Men slik gjekk det ikkje. Rykta spreidde seg. Undera Jesus gjorde, var teikn på at Messias-tida, frelsetida, no braut inn. Folket kjende att det som skjedde frå mellom anna profeten Jesaja (kap 35, 5 f til dømes). Jesus var redd for at hjelpa til sjuke og forkomne på feilaktig måte kunne brukast som reklame for himmelriket. Det er i sanning noko å tenkja på også i dag!

Elles skal me sjølvsagt ikkje lata vera å fortelja om storverk som Jesus gjer i dag, både til frelse og utfriing frå sjukdom, smerte og plager. Me er ikkje bundne til å teia, slik han sa til læresveinane den gongen. Tvert om. Han har gjeve oss bod om å vera hans vitne, hans ambassadørar, både til jødar og heidningar, både heime og ute.

Undringa me les om i siste verset, kan me gjerne be om å få meir av! Han har gjort alle ting vel, står det. Ja, det har han sanneleg! Kor fint å ta dette med seg inn i også denne hausten, arbeidssemesteret, skuleåret, familien, heimen, kyrkjelyden, forsamlinga, misjonsarbeidet!

### **Paul Odland**

Misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon  
Stavanger krets  
[stavanger@israelsmisjonen.no](mailto:stavanger@israelsmisjonen.no)